

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Høyring - NOU 2009:18 Rett til læring. Innstilling frå utvalet for betre læring for barn, unge og vaksne med særskilte behov. Høyringsuttale frå Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Høgskulen i Sogn og Fjordane ønskjer å gje slik uttale på NOU 2009: 18 Rett til læring:

Innleiing

Høgskulen i Sogn og Fjordane støttar fullt ut prinsippa om ei likeverdig og inkluderande opplæring i barnehage og skole, slik vi finn det nedfelt i mange skolepolitiske dokument. Vi meiner det er viktig, ut frå desse prinsippa, å sjå på korleis ein kan få til betre læring for barn og unge med spesielle behov. Vi syns også det er viktig å få fram at det er mange elevar som har mindre vanskar, det som ofte går under namnet ”gråsome - elevar”. Men i denne meldinga hadde vi forventa at ein i langt sterkare grad hadde analysert og vore konkrete i høve til barn og unge som har spesielle behov. Utsegna frå utvalet om at: ”Utvalet ønsker derfor å bryte med forestillingen om at det er en viss, avgrenset gruppe som har særskilte behov” (kap 1.4) er vi ikkje samde i.

I denne uttalen vil hovudfokus vere knyta til to område; kompetanse og lov / rettar. Vi vil også kommentere kort nokre andre område under overskrifta ”andre merknader”.

Kompetanse

Lærarutdanning

Utgreiinga peikar på at det er to område som ein ser det som viktig å styrke innan lærarutdanning. Det eine er å betre den generelle faglege, fagdidaktiske og pedagogiske kompetansen. Det andre er at grunnutdanningane for lærarar skal ha eit omfattande spesialpedagogisk innslag. Dette støttar vi fullt ut, men utgreiinga seier svært lite om kva ein legg i omgrepa spesialpedagogiske element. Det er heller ikkje sagt noko om omfanget. Dette syns vi er uheldig. Utgreiinga understrekar at etter- og vidareutdanning er viktig, dette er også noko vi støttar. Men det er lagt sterke føringar frå departementet om at det er kjernefaga som skal ha prioritet når det gjeld etter- og vidareutdanning. Dette kan vere til hinder for at førskolelærarar og lærarar kan få etter- og vidareutdanning i spesialpedagogikk. Dette kan føre til at ein viktig føresetnad for tiltaka som utgreiinga legg fram, ikkje er til stades.

Førskolelærarutdanning

Det er også svært viktig at førskolelærarutdanninga og etter- og vidareutdanning av førskolelærarar vert styrka med spesialpedagogiske element, ikkje minst i høve til ønsket om tidleg innsats.

Master i spesialpedagogikk

Mastergradsutdanning i spesialpedagogikk må styrkast og aukast. Serleg viktig blir det her at ein knyter desse opp til dei lågfrekvente (alvorlegaste vanske-)gruppene.

Forsking

Forsking innan det spesialpedagogiske fagfeltet må styrkast og intensiverast. Vi vil understreke at det har vore for lite forskning i høve til barnehage og spesialpedagogiske tiltak der. Utvalet seier at forskinga innan dette området bør skje innan Utdanning 2020, ut frå grunngeving om at "Dette vil bidra til å gjøre forskningen på feltet mindre fragmentert." Dette synet deler ikkje Høgskulen i Sogn og Fjordane, vi meiner at vi treng mange og ulike innfallsvinklar, og det er viktig at mange ulike høgskular og forskingsmiljø forskar på dette området.

Sosialpedagogisk rådgjevingsteneste

Det er positivt at ein ønskjer å vidareutvikle og styrke den sosialpedagogiske rådgjevingstenesta.

Kompetanseheving i PPT

Det er svært bra at ein vil auke kompetansen i PPT. PPT bør stå ansvarleg for den sakkunnige vurderinga. Det trengs at personar med spesialpedagogisk kompetanse og eit anna perspektiv kjem inn når slik vurdering skal gjerast. Vi ser også det positive i at PPT bør kom sterkare og raskare inn i barnehage og skole, både på individ og systemnivå.

Spesialpedagogisk kompetanse

Vi meiner at utvalet usynleggjer spesialpedagogisk kompetanse. Det kan synast som om den spesialpedagogisk kompetansen blir styrka slik det står omtalt i I Boks 14.1. Der seier utvalet at "Den som har ansvaret for gjennomføringa av ekstra tilrettelegging i opplæringa, må ha relevant kompetanse til å møte de utfordringer som ligger til grunn for tilrettelegginga, eksempelvis spesialpedagogisk kompetanse". For det første er det uklart kva som ligg "ansvaret for gjennomføringa". Dersom dette betyr å legge planer / lage opplegg, og at det er ein assistent som gjer jobben er dette ikkje ei styrking av den spesialpedagogiske kompetansen. Det må presiserast at dette ikkje er intensjonen. Vidare meiner vi at setninga må endrast til "... må ha spesialpedagogisk kompetanse, i nokre tilhøve kan det vere anna relevant kompetanse". Vi støttar uttalen til Bente Hagtvedt i hennes sermerknad på side 236: "Det er påfallende at man i denne NOU'en har bidratt til å usynliggjøre betydningen av spesialpedagogikk som fag og forskingsfelt, og også den spesialpedagogiske kompetansen". Det sterke fokuset på allmennpedagogiske tiltak usynleggjer også dei barne / elevane / vaksne som har serskilte behov.

Høgskulen i Sogn og Fjordane vil åtvare mot at læring blir nedtona i høve til dei svakaste gruppene. Som eksempel på dette viser vi til kva som er sagt om utviklingshemma (s.267). Her synest det som om det den utviklingshemma treng er ADL trening som kan utførast av ufaglærte assistentar. Det vert ikkje sett fokus på at det viktigaste for denne gruppa er læring. Det trengs spesialpedagogisk kompetanse for å gje opplæring til denne gruppa. I meldinga vert det vist til omsorg og pleie.

Statped knyta til helseregionane kan også vere eit steg i retning av at noko av det spesialpedagogiske fagområdet skal overførast til helse- og omsorgsfeltet, noko vi vil sterkt åtvare mot.

Utgreiinga viser til forskning som dokumenterer at det er utstrakt bruk av assistentar i spesialundervisninga. Assistentar utan spesialpedagogiske kvalifikasjonar utfører spesialpedagogiske oppgåver i barnehage og skolen. Dette gir ikkje ei god nok opplæring og vi etterlyser tiltak i høve til denne problematikken.

Lov / rettar

Høgskulen i Sogn og Fjordane ser det som svært viktig at utvalet har sagt at den individuelle retten til spesialundervisning i opplæringslova §5-1 vert oppretthalden, men ønskjer å peike på at det er fleire

forslag i utgreiinga som kan gjere til at denne retten kan bli svekka. Dette grunngjev vi ut frå fire punkt i utgreiinga:

- 1) Punktet i boks 14.1 om at det skal utarbeidast sakkunnig vurdering dersom ”foresatte og barnehage / skole krever det”. Dette punktet kan bli tolka som om foreldre og barnehage / skole må vere samde om å krevje sakkunnig vurdering. Det må kome heilt tydeleg fram at foreldre åleine kan be om sakkunnig vurdering.
- 2) Dersom foreldre har gått med på at det ikkje trengs sakkunnig vurdering, har dei i ettertid heller ikkje rett til å klage. Dette vil svekke rettane som foreldra har i dag.
- 3) Ved at det ikkje blir fatta enkeltvedtak kan systemet bli meir komplisert for både elevar, foreldre og skole. Vi støttar altså særmerknaden til Jourun Sandsmark, KS (s.166).
- 4) Fleirtalet i utvalet går inn for å endre ”rett til spesialundervisning” til ”rett til ekstra tilrettelegging”. Høgskulen i Sogn og Fjordane støttar særmerknaden til Bente Hagtvedt (s.167) om at denne formuleringa er uklar når det gjeld *når* rett til ”ekstra tilrettelegging” gjer seg gjeldande og *kven* den skal gjelde for. Omgrepet gir ikkje dei signala om ei tilrettelegging som er spesielt retta inn mot eit bestemt individ sine behov og føresetnader. Den manglar også ei tydeleg retning på innhaldet i det retten løyser ut. Omgrepet ekstra tilrettelegging vil kunne tolkast svært ulikt og dermed gje ein usikker praksis.

Andre merknader

Dokumentasjon og rapportering

Det blir sagt at dokumentasjons- og rapporteringsarbeid i barnehage og skole bør avgrensast til det som tener barnets og elevens utvikling, læring og læringsmiljø (s.28). Dette ser vi på som eit viktig punkt. Men vi stiller spørsmål om ikkje nettopp det sterke fokuset på læringsboka og språkstestane i barnehagen til dømes vil auke dokumentasjons- og rapporteringsarbeidet, utan at det er sikkert at desse tiltaka vil sikre barna og elevane si utvikling og læring. Det er ikkje nok å ta testar, det viktige er tiltaka, og med det svake fokuset som utgreiinga har på spesialpedagogisk kompetanse, stiller vi oss tvilande til om dette vil gje resultat. Når det gjeld læringsboka vil vi og peike på at denne ikkje er utgreidd godt nok juridisk.

Men det er positivt at utfordringane når det gjeld overgangane mellom dei ulike opplæringsarenaene, blir løfta fram.

Uklare omgrep

Vi har tidlegare i uttalen peikt på at omgrepet ”ekstra tilrettelegging” er svært uklart og ikkje eigna som erstatting for omgrepet ”spesialundervisning”.

Inkluderingsomgrepet er også uklart gjort greie for. Omgrepet positiv diskriminering blir heller ikkje drøfta tilfredsstillande. Dette burde vere eit svært sentralt omgrep i perspektivet inkludering og tilpassa opplæring.

Bruk av forskning

Vi vil også peike på at forskingsgrunnlagt som er nytta i denne utgreiinga, er konsentrert om nokre få forskingsmiljø. Det er grunn til å merke seg at Universitetet i Stavanger, som har både atferdssenter og lesesenter med mykje forskning på dette feltet, ikkje er nytta. Vi registrere også at forskning som viser at spesialundervisning gjev gode resultat (s.72), ikkje vert tatt med i argumentasjonen.

Konklusjon

NOU 2009: 18 Rett til læring framstår som uklar og sjølvmotseiande når det gjeld omgrep og tiltak. Mange gonger er det vanskeleg å sjå logikken og konsekvensane av den argumentasjonen som blir ført. Særmerknadane til mindretalet i utvalet er med på å svekke synspunkta til fleirtalet, og da dette

Vår dato
04.11.2009

Vår referanse
2009/657 - 4728/2009

utvalsarbeidet heile tida synes å ha vore ein svært lukka prosess, fører det til svekka tiltru til utgreiinga. Vi er redde for at denne utgreiinga kan føre til alvorleg svekking av tilbodet til barn, unge og vaksne med særskilte behov.

Med helsing

Rasmus Stokke
Dekan

Astrid Askildt
1.amanuensis i spesialpedagogikk/
leiar i høyringskomiteen